**KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA**

**MERKNADSSKJEMA – OVERSIKT OVER INNKOMNE MERKNADAR.**

VEDLEGG 9 AV 9.

| Nr. KU | Journal post | Avsendar | Område/gnr | Merknad | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| **1** | 15/5158 | Erling Kleiveland | Kleiveland | Ønskje om at planen ser nærmare på kaiområdet og sjøstranda i Naustvika på Kleiveland som eit natur- og rekreasjonsområde.<br>Mogleg tilrettelegging:<br>1. Opprusting av kaianlegget med venteskur (kulturminne frå den tida rutebåten gjekk i Osterfjorden). Bør kople opp att straumen til venteskuret.<br>2. Legge ut bøyer med forankring slik at småbåtar kan trekkjast ut frå kaien ved overnatting.<br>3. Opparbeiding og tilrettelegging av eksisterande strandområde med sandbotn.<br>4. Sette opp benker langs traktorvegen langs Kleivelandselva. – Idyllisk turveg<br>5. Ønskjer samarbeid mellom grunneigarar, kommunen og Bergen og omland friluftsråd med tanke på vern og opprusting til friluftsog strandområde i nordenden av Osterøy kommune. | |
| **4** | 15/7482 | Melinda Bernes<br>Reidar Nymark | 105/4 | Området er i dag regulert til LNF<br>Området vart tidlegare regulert gjennom reguleringsplan for Bernes Næringsområde til steinbrot og masseuttak.<br>• Området har i dag lite verdi som steinrøys.<br>• Ønskje om å rydde området for steinmassar og planere området, sette opp båtgarasje og hytte eller rorbu med moglegheit til å skilje frå.<br>• Ønskje om flytebrygge mellom naust og kai for fortøying av båtar pga vanskeleg tilkomst. | |
| **5** | 15/7433 | Bernt Gunnar Nesheim | 105/23,55 | • Området er regulert til bustad med LNF mot sjø.<br>• Bustad med naust og båtopplag.<br>• Nyleg utskilt tomt for bruk som bustad. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | • Ønskjer moglegheit for bustadbygging på begge tomtene med moglegheit for naust på 105/55.<br>• Ønskje om å behalde dagens regulering av området som bustadområde.<br>• Ønskje om å utvida bustadområdet mot sjø pga av best mogleg plassering av bygg i terrenget.<br>• Ønskje om moglegheit for generasjonsbustad/fleire bustadar i området. |
| **6, 9** | 15/7228 | Fotlandsvåg Grendaråd<br><br>Fotlandsvåg helselag | Fotlandsvåg | Ønskje om å sjå vågen og strandlinja som ein heilskap.<br><br>Bygda treng ei felles småbåthamn. Usikkerheit knytt til dei punkta som omhandlar mogleg plassering av småbåthamna. Ønskjer at dette vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.<br><br>1. Hanstveitholmane: Friluftsområde som tidlegare har vert nytta som badeplass. Som fylgje av tidlegare industriutbygging har to badeplassar i Fotlandsvåg forsvunne. Grendarådet har opparbeida turstiar i nærleiken og det vil vera enkelt å knyta desse saman og gje tilkomst for almenheita, også for rullestolbrukarar. Området er idyllisk og svært godt egna til bading med naturleg badestrand og område for hopping/stuping.<br>2. Parkering i samband med badeplass: området er eigd av Osterøy kommune og ikkje regulert til bustad.<br>3. Indre del av vågen i Fotlandsvåg: Området har potensiale til å kunne utviklast og opprustast til eit innbydande og attraktivt område for bygdefolk og tilreisande. Ein må finne ei løysing på kaiplassproblematikken for fraktbåtar og passasjerbåtar. Ønskje om løysing for passasjerbåtar inst i vågen. Mogleg totalløysing med kai, gjestebryggje og småbåthamn – positivt høve nærleik til butikk, bensinstasjon, Fjordslottet, leikeplass, idrettsplass og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | turstiar. Ønskjer evt. å nytte eksisterande bygg til sanitæranlegg/servicebygg. Bør og vurdera sjøbassenganlegg.<br>4. Området mellom Fotlandsnausta og Sjøtroll: mogleg lokalisering av ny småbåthamn<br>5. Syner mogleg parkeringsløysing for småbåthamn i kart<br>6. Området nord for Lobas: mogleg lokalisering av småbåthamn.<br>7. Område eigd av Osterøy kommune i tilknyting til regulert bustadfelt: ønskjer å ivareta opparbeida badeplass, kai og flytebrygge og at område i tilknyting til dette vert tilrettelagt og at ein får gode parkeringsmoglegheiter. |
| **9** | 15/7361 | Helge Holen<br>Ove Pedersen | 96/78,79<br>Bård Skåre | Området er regulert til næring. Har tidlegare vert nytta til mølle, fiskeoppdratt. Bukast som pumpestasjon i dag.<br>• Ønskje om å endre bruken til bustad, forretning og kontor for å utnytte tomta. Ønskjer å bygge 12 leilegheiter på 96/79. |
| **11** | 15/7472 | Norlender eigedom | 88/12 | Området er regulert til næring. Brukast i dag til næring av Norlender Knitwear AS.<br>Ønskjer:<br>1. Utviding av kaiområde ved ifylling av masse i sjø til bruk for service mot reiselivsmarknaden.<br>2. Utviding av bygningsmasse mot vest til bruk for industribygg.<br>Ønskjer å bruke open fabrikk aktivt i merkevarebygginga. Ønskjer moglegvis å etablere seg som økomuseum.<br>Ønskjer å legge til rette for auka tilstrøyming i Hosangerområdet ved å etablere parkeringsplass for bubilar, gjestebryggje og sjå på moglegheita for enkel matservering. Ønskjer servicebygg med uttak for vatn, med toalett og dusj.<br>Omfang:<br>1. Utfylling i sjø vil gjere området tilgjengeleg frå sjøen<br>2. Utviding av bygningsmasse for å samle aktiviteten på ei høgd. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Uttale frå Mjøsdalen grendaråd: Mjøsdalen grendaråd støttar Norlender sine planar om å utvida kaiområdet og planane om å bruke området til service ovanfor reiselivet. |
| **12** | 15/7358 | Hosanger helselag | 88/30, 31 | Ynskjer veg ned til strandsona og bryggje for å tilretteleggje for bebuarane ved Hosangerheimen. |
| **15** | 15/6666 | Bjørn Rønhovde | 88/22 | Eksisterande naustområde – Driv aktivt fritidsfiske og forsøksfiske og registrering for fylkesmannens miljøvernavdeling. Ønskjer trygg og permanent løysing for å kunne kome på land frå båt med fisk og utstyr (flytande installasjon – vil nytta eksisterande forankring i botn/land) |
| **16, 13** | 15/6834<br><br>15/6930 | Hosanger Grendaråd | 89/7,8,9,56<br><br>88/1,17 | Området har tidlegare vert nytta til naust/industritomt. Bruken i dag er gangsti/folketråkk.<br>Ønskje om å opparbeide til gangsti med universell utforming for menneske med funksjonshemming. Ønskjer å sikre ferdsel for alle i strandsona.<br><br>Arealet er regulert til friluftsføremål. Nytta til friluftsføremål/badestrand.<br>Ønskje om å opparbeide området med:<br>• Fortøyingsboltar<br>• Teltplass/grill/bord<br>• Gangveg<br>• Fleirbruksflate<br>• Universelt utforma badeområde<br>• Badebøyer<br>• Handikaptoalett<br>• Med meir |
| **17** | 15/6665 | Bjørn Rønhovde<br>Rita Ludvigsen | 89/8 | Ønskje om å endre arealet til innmark (hage) med tilbakeføring av kai i stein-tre som tidlegare var på området. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Ønskje om moglegheit for å skille ut området som tillegsareal for 89/54,55. Lite areal til hage i dag på eiga tomt. |
| **17** | 15/6664 | Håkon Mjøs | 89/8 | Ønskje om å endre arealbruken til innmark med moglegheit for tilbakeføring av kai til fiske og friluftslivaktivitetar. Arealet vart opphavleg innmark, men vart regulert om utan at grunneigar vart varsla. |
| **18** | 15/4190 | Arve Mjøs (Heldal tomteselskap<br><br>Aksel og Kari Mjøs (Hoshovdstølen bustadfelt) | Hoshovdhamnen | Ønskjer å opne ein del av strandsona som i dag er utilgjengeleg og bratt:<br>1. Turveg langs sjøen frå Hoshovde til Heldal. Ønskjer veg langs innsida av Hoshovdhamnen.<br>2. Leggje til rette for badeplass og molo mot Heldalsholmen med parkeringsplassar<br>3. Leggja til rette for enkel bru frå molo til Heldalsholmen for å gje tilgang til ytterlegare friområde.<br>4. Båtplassar i den sona det i dag er naust og etablert forankring av båtar. 2-3 flytebrygger med utriggarar på begge sider av den nye turvegen. Ikkje kjøreveg sidan den kommunale Heldalskaien kan nyttast. Denne treng opprusting. Ønskje om gjestebrygge.<br>5. Ønskjer at planen gjer vurderinga av ras, kulturminne, og biologi slik at ikkje eventuelle tiltak vil vere for kostbare. Definera kva tiltakshavar sjølv må planleggja.<br>6. Ønskje om å justera byggegrensa til funksjonell strandsone<br>7. definera eksisterande naustmiljø som eiga arealkategori (frå LNF)<br>8. Ønskjer dialog med kommunen om mogleg økonomiske bidrag (til investeringar og drift) |
| **19** | 15/6466 | Stiftinga Nesjatun | 13/159 | Ønskje om at arealet vert regulert til<br>• Friområde med tilstrekkeleg breidde til opparbeidde gangsti nær sjøen.<br>• bustadområde innanfor tursti der området høver for lågblokk/terrassebustader.<br><br>Området har tidelgare vert nytta som utmark. Står eit naust på arealet. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Området er solrikt og sentrumsnært. Utilgjengeleg område i dag. | |
| - | 15/7502 | Lonevåg båtlag | 13/53<br>(Osterøy kommune) | Området er regulert til industri/offentleg kai og brukast i dag til offentleg kai.<br>• Ønskjer å regulere området ved sidan av kommunekaien til fritidsbåthamn og ønskjer at bryggje for fritidsbåtar ved kommunekaien vert tatt inn i planen.<br>• Lonevåg båtlag har midlertidig båthamn her i dag og ønskjer dette som ein permanent løysing heller enn regulert båthamn på Barkavika<br>• Moglegheit for parkering for 5-6 bilar og gjestehamn.<br>• Ønskjer å legge til rette for 2 parallelle bryggjer med inntil 64 plassar. | Vurdering utsett til områdeplan Lonevåg |
| **20** | 15/6667 | Bjørn Rønhovde<br>Byggmontering | 10/6<br>(Lonevågen) | Areal er i dag regulert til LNF. Godkjent disp. Bruken i dag er næring og infrastruktur. Tidelgare jordbruk og fiske.<br>• Ønskje om å rette opp strandlinja med fylling i sjø.<br>• Ønskje om at området vert regulert til næring. Sette av området langs sjø innom brua som LNF<br>• Ønskje om næringsutvikling i området.<br>• Ønskje om estetisk forbetring og tilrettelegging for vidareutvikling og for ålmenta. | |
| **20** | 15/7359 | Bjørn Rønhovde Byggmontering | 10/6 | Området er regulert til næring og LNF.<br>• Ønskje om å nytte området til næring – landbassert akvakultur.<br>• Ønskje om innovasjon og å generere arbeidsplasser/matproduksjon<br>Omfang:<br>• Ny sjøfront inkludert grøntannlegg<br>• Inntaks leidning i sjø. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | • Nybygg på land |
| **21** | 15/7556 | Lonevåg Næringspark AS | 9/4,36<br>10/16 | • Ønskje om å fylle ut med steinmassar langs inngangen til Lone-elva.<br>• Bakgrunnen for ønskje er svært krevjande veg ned mot kai på baksida av den gamle fabrikkbygningen.<br>• Ein vil då få ein nokolunde rett front ved elvemunningen.<br>• Tilkomsten er i dag vanskeleg, særskilt ved snø/isdekke.<br>• Ønskje om å utvikle framtidig kai til lasting/lossing av båtar. |
| **23** | 15/7435 | Hjellvik Grendalag | Raknes | Ønskje om friområdet sin er tilgjengeleg for alle, samt å legge til rette for bustadområde og naust. Sjå kart. |
| **24** | 15/7234 | Torill Fick | 111/62 | Areal regulert til LNF.<br>Ønskje om moglegheit for å skille ut tomt og etablere naust og båtplass. Ønskjer å fylle ut i sjø. |
| **28** | 14/16754 | Jon Anders Birkeland | Hjellvik, 118/120 | Område med frådelte naustetomter i eksisterande naustmiljø bør ha føremål «naust» i planen. |
| **27** | 15/7434 | Hjellvik Grendalag | 118/15 | Området er brukt til friområdet. Ønskje om å behalde området som friområdet som er tilgjengeleg for ålmenta. |
| **27** | 15/7438 | Hjellvik Grendalag | Hjellvik | Område ved sjø til bruk til badestrand, naust, friområde.<br>Ønskje å sikre område for bruk til badestrand, naust friområde. |
| **30** | 15/7436 | Hjellvik Grendalag | Tepstad<br>119/3<br>120/1,5<br>m.fl | Ønskje om bustadområde og naust. Sjå kart. |
| **32** | 15/7481 | Hamre | Hamre | Hamre: |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | Grendaråd | | • Grendarådet ønskjer at det vert lagt til rette for ei fortetting av naustmiljøet frå parken ved Hamre Kyrkje og sør-vestover.<br>• Ønskje om 2-3 naust samanhengande, men med avstand mellom gruppene for ikkje å hindre ferdsel langs stranda.<br><br>Klokkarneset på Hamre:<br><br>• Ønskje om å sette opp eit ope grendabygg med torvtak.<br>• Ønskje om å endre areal frå offentleg føremål til næring/offentleg føremål pga at bygda ikkje har område avsett til næring i dag.<br>• Ønskje om areal til framtidig hurtigbåtkaI/terminal med tilkomst, samt parkeringsplass, bussterminal og ladestasjon for elbil. |
| **33** | 15/3075 | Reidar Flæsland | 129/13 | Ønskje om rorbuer/ naustmiljø og brygge/båtopptrekk. Storm har øydelagt eksisterande båtopptrekk/brygge. Kan verte eit fint naustmiljø. |
| **36** | 15/6860 | Johannes Haugland<br><br>Per Ivar Eikeland<br><br>Kristin Sunndal | 54/131 | Ønskje om at vedlagt utskrift frå «Utskriftsforretning over indmark og utmark under gardsnr 54 Eikeland i Hamre herred» vert tatt med i planarbeidet. Utskrifta synar at alle bruka på Eikeland har fått tildelt tomt til å bygge naust på Dragneset. |
| **37** | 15/7479 | Valestrand Grendaråd | 146/1,8<br><br>145/,6,36,44 | Området er regulert til LNF og framtidig akvakultur. Det har tidlegare vore fiskeoppdrett ved det gamle garveriet.<br><br>Området brukast i dag til friluftsliv, rekreasjon ved sjø og fiske.<br><br>• Det er i dag lite tilgjengeleg sjøsone sentralt på Valestrand.<br>• Ikkje mange areal som kan nyttast til badestrand/badeplass.<br>• Området Storaneset/Bastavike har relativ god tilkomst og solforhold og utsikt er meget gode.<br>• Området kan gjerast meir tilgjengeleg for mange med enkle midlar. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | • Ønskjer å etablere badestrand i Bastevike og forlenge gangveg frå Reigstad inn i Bastevike.<br>• Om innspelet vert tatt med vidare vil grendarådet jobbe aktivt for å skaffe finansiering til opparbeiding. |
| **38** | 15/214 | Haus båtlag | Haus | Forslag om å reguler inn heilstøypt betongbryggje og flytebryggje som vert lagt ut på disp. Ønskjer utviding av naustområde. |
| **39** | 14/1889 5 | Linda Svidal | | Uttale på vegne av bebuarar i bustadfelt på Nedre Vikne. Viser til at strandsona i feltet er markert som utilgjengeleg grunna sterk helning. Ber om at strandsona som er i tilknyting til feltet vert ein del av planen, med bakgrunn i at det er ynskje om å gjera strandsona tilgjengeleg for bebuarane i feltet. |
| **45** | 15/5765 (b) | Sjøtroll Havbruk AS | 119/2,10<br>120/4,5,6,38, 39 | Område i sjø (Fiske-Fritid-Ferdsel)<br>• Ønskje om utviding av eksisterande akvakulturområde. Ønskje om å auke tal plastringar på Tepstad.<br>• Moglegvis ønskje om framtidig oppdrett av nye artar som til dømes tang og tare/blåskjel.<br>Omfang av endring:<br>• Behov for fortøyingsboltar i land (20 m djupne). Rammefortøying sjø= 200m x 600m – 12 ringar x 50 m diameter. Endring frå 5 til 12 ringar.<br>• Ønskje om areal til produksjon av Integrert Multi-Trofisk Akvakultur IMTA. |
| **46** | 15/5765 (a) | Sjøtroll Havbruk AS | 131/1-4<br>132/1 | Område i sjø (Fiske-Fritid-Ferdsel)<br>• Ønskje om utviding av eksisterande akvakulturområde. Ønskjer å endra lokaliteten frå stålanlegg til plastringar, samt å samla produksjonen på lokalitetane Hamre, Kvamme på denne lokaliteten (Angelskår). |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | • Moglegvis ønskje om framtidig oppdrett av nye artar som til dømes tang og tare/blåskjel.<br><br>Omfang av endring:<br><br>• AK-området flyttast lengre frå land enn dagens situasjon. Behov for fortøyingsboltar i land (20 m djupne). Rammefortøying sjø= 200m x 600m – 12 ringar x 50 m diameter.<br>• Ønskje om areal til produksjon av Integrert Multi-Trofisk Akvakultur IMTA |
| **47** | 15/7247 | Sjøtroll Havbruk AS<br><br>Lerøy Vest | Lokalitet<br><br>18898 Skaftå<br><br>12156 Blom i Sørfjorden<br><br>67/1-6<br><br>149/1,2,3,4,5, 10 | Ønskje om å utvide arealet på lokalitet Blom og Skaftå med bakgrunn i plan om å endra strukturen i AK lokalitetar kring Osterøy. Ønskje om færre og større lokalitetar – større avstand mellom lokalitetane.<br><br>• Ønskje om å nytte plastringar på diameter 50m i rammefortøying<br>• Ser det som positivt å leggje anlegget lengre inn i fjorden då det er færre hus her.<br>• Ønskjer stort område for å best mogleg kunne plassera anlegga på ein gunstig møte i høve fortøying og gjennomstrøyming utan å søkje disp.<br>• Ikkje planar om å auke produksjonen i området, men å samle produksjonen på færre lokalitetar.<br>• Generelt ønskjer ein at Osterøy ser på moglegheita for å leggja AK til fleirbruksareala FFFN i kommunedelplanen til (FFFNA). |
| **Merknadar som ikkje er knytt til arealendringar** | | | | |
| | 15/3003 | Knut Vasstrand | Haus - Mjeldevågen | Positiv til strandsone grense rundt Mjeldevågen.<br><br>Vatnet har potensiale til friluftsliv og rekreasjon og fisk (sjøørret) ikkje berre grønstruktur og ender. Dette må inn i planen.<br><br>Vatnet hadde strender og vart eit populært badested frå mai til oktober. Skøytestad vinterstid. Har vore påverka av kloakk og |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | næringsstoffa frå jordbruket. Dette har ført til auke algeproduksjon. Tiltak for å reine opp. |
| 15/4042 | Liv Elin Nordvik | Kleppsvågen | Merking av ei grunne inne i Kleppsvågen – flott område for bading om sommaren |
| 15/5013 | Museumssenteret i Hordaland | Havrå kulturmiljø | Havrå kulturmiljø (freda etter §20 **i** Kulturminnelova i 1998) har eit oppdrettsanlegg tett på seg. Visuelt er det svært skjemmande, og er dermed ei visuell forsøpling av kulturminne Havrå. Ønskje om å flytte oppdrettsanlegget så langt vekk at det ikkje vert synleg frå Havrå (med bakgrunn i kml §5.3.2.2 Forbod mot visuelle inngrep). |
| 15/6637 | Bebuarar Angleskår og Eikeland | Sjøtroll oppdrettsanlegg Angleskår | Ønskjer ikkje at søknaden til Sjøtroll vert innvilga blant anna på grunn av rømming, sjukdom, dyrevelferd, støy og forureining. Auka AK-område kan vere til hinder for ferdsel i fjorden. |
| 15/6858 | Johannes Haugland<br>Per Ivar Eikeland<br>Kristin Sunndal | Akvakultur-område Angelskår | Viser til søknad frå Lerøy/sjøtroll om utviding av AK område for lokalitet Angelskår og auke i produksjon frå 2340 tonn til 4680 tonn.<br>• Søknaden bør innehalda eigedomsgrensar.<br>• Planar for integrert Multi-Trofisk Akvakultur anlegg bør visast med plan for utforming.<br>• Sjøtroll får areal frå ålmenta så det må stillast krav.<br>• Slik forslaget er lagt fram kan grunneigarar verte avskorne frå tilkomst til eiga strant, samt frå moglegheita for fiske pga ankerliner.<br>• Ønskjer ikkje at søknaden vert innvilga.<br>• Problem med sjukdom og lakselus må løysast før det kan gjevast løyve til slike store konsentrasjonar. |
| 15/6870 | Anne-Britt Bjerk<br>Gunnar Skjold<br>Odd Roar | 86/7<br>85/16<br>85/11 | • Ønskje om at eigedomane vert avsett til privat bruk, ikkje utmarksarealer som kan brukas fritt til allmenn ferdsel (LNF).<br>• Kjørevegen fram til eigedomane 85/11, 85/16 med fleir er berre til bruk for veglagets medlemmar og deira besøkande. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Aalborg<br><br>Odd Roar Aalborg | | • Ønskje om at tomtene vert regulert til bustad ikkje LNF ettersom området nærmast blir urbanisert i sommarhalvåret.<br>- Sjønær moltemyr ved Sauvikneset bør vernast mot anna bruk, blant anna turveg frå det kommande nærliggande hyttefeltet.<br>- Oterhulen ved Lonevågen bør vernast. Svært interessante geologiske formasjonen med stupbratte klippevegger, eiget indre basseng, flott vegetasjon og fleire vakre utsyn over fjordarmen.<br>- (Mogleg feil i namn i kart) | |
| 15/7248 | Bebuarar på Angelskår/eikeland | Angelskår og Eikeland | Er imot utviding av Sjøtroll sitt oppdrettsanlegg i området. | Sama innspel som #56 |
| 15/7256 | Jojac AS | 95/5,6,7,19 | Regulert til næring. Brukt til næring (Saltverket) og bustader er under rehabilitering for utleige<br>• Ønskje om å justere strandsona<br>• Ser området som særleg attraktivt for SMB-verksemder<br>• Ved ei utvikling av området både til næring og til rekreasjon er vi opptatt at de areala som vender seg til sjøen vert sikra til friluftsføremål, mens areala lengre opp vert sett av til utvikling. Det må vidare leggast til rette for god tilkomst til friluftsområdet. Terrenget ca opp til kote 15 skrår og vender seg mot fjorden over det flater terrenget av innover og ligger til rette for en arealbruk som retter seg mot land og vegnettet. Vi foreslår derfor at grensa mellom næringsområde og friluftsområde (funksjonell strandsone) vert sett langs kote 15 og justert lokalt der det er hensiktsmessig i forbindelse med framtidig planlegging (Blå linje på kartutsnittet, lagt ved). | |
| 15/7473 | Hamre | Akvakulturlokalitetar – | Viser til søknad av 16.12.2014 frå Lerøy/Sjøtroll om utviding av | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Grendaråd | Angelskår og Teppstad | akvakulturlokalitetane Angelskår og Teppstad.<br>• Hamre grendaråd er imot at Lerøy/Sjøtroll får utvida AK område slik det er søkt om.<br>• Dei omsøkte utvidinga vil føre til store anlegg på område som dei får gratis av fellesskapet.<br>• Grunneigarar langs stranda vil miste tilkomst til eiga grunn.<br>• Oppdrettsnæringa har vore i stor vekst dei sinare åra og kontrollorgana har ikkje tilfredsstillande kontroll.<br>• Usikkerheit kring forsøka med IMTA<br>• Ønskjer å behalde Hamreflue som i uminnelege tider har vore ein god fiskeplass |
| 15/6665 | Bebuarar ved Angelskår | Angelskår og Eikeland | Er imot utviding av Sjøtroll sitt oppdrettsanlegg i området. |
| 15/7437 | Hjellvik Grendalag | Hjellvik<br>118/2,5 | Ønskje om utviding av eksisterande bustadområde. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 14/1888<br>9 | Odd Roar<br>Aalborg | | 1. Viser til manglande namn og feil plassering av namn<br>2. Konflikt mellom privat og allmenn bruk av strandsona bør unngås. Eksisterande bebygde areal bør avmerkast som disponert til privat bruk. Framtidige byggjegrenser bør ikkje leggast inn til fasade på hus på sjøsida. Bebygde tomter treng ikkje byggeforbodssone mot sjø.<br>3. Arealbehov langs strandsona for byggefelt på Heldal og Hoshovde må sikrast i planen. Tilgang til sjø for båtplass, bading og friluftsliv må leggast inn i planen for Heldal hyttefelt og Hoshovdestølen bustadfelt. Hoshovdes strandsone og Heldalsholmen bør bevarast, saman med dei eksisterande naustgruppene.<br>4. Skogssona langs austsida av Sauvika bør bevarast.<br>5. Lokalitet for fiskeoppdrett nær Krossneset bør fjernast.<br>6. Ulik fauna i området, som til dømes kattugle, hauk, havørn, svane, gråhegre, hjort, ekron, mink, mår, rev og oter.<br>7. Landskapsformasjoner ved Lonevågen bør varig vernast. | 1. Tatt til orientering.<br>2. Friluftsloven regulerar kva område som er opne for fri ferdsel. Kommunen vil ikkje i planen setje restriksjonar på område som i utgangspunktet er opne for fri ferdsel.<br>3. Vurderingar av båtplass og badeområde med meir vil verta vurdert i planen.<br>4. Vil verta vurdert.<br>5. Lokalisering av akvakulturområde er tema i planen og vil verta vurdert.<br>6. Tatt til orientering.<br>7. Område med viktige landskapskvaliteta r skal ivaretakast i planen. |